

Olav Mongstad

Kvalvågen 41

5943 Austrheim

Lindås bygdebokfond

Co/Lindås kommune

Kvernhusmyrane 41

5914 Isdalstø

SØKNAD OM STØNAD/GARANTI FOR PRODUKSJON AV LOKALHISTORISK BOK.

På vegne av ei gruppe på 5 tidlegare Mongstadbuvarar, søker vi med dette om stønad/garanti for produksjon av boka: «Mongstad – bygda som var.» Dette er ei bok som vil ta for seg dei siste 100 åra Mongstad eksisterte som bygd. Boka startar i 1865 med ein presentasjon av dei som budde i bygda då. Det er folketeljinga frå 1865 som er grunnlag for dette. Boka vert avslutta med å presentera alle som flytta frå Mongstad i 1972.

I tillegg har boka mellom anna desse artiklane.

- Industribyggaren Ditlef O. Monstad som bygde opp dei to fabrikkbygningane som stod på kaiområdet på Mongstad. Han dreiv handel med England og landa langs Østersjøen.
- Industribygda Mongstad, eit kapittel som fortel om dei ulike verksemder som har vore i drift på Mongstad. Solheim som produserte båtbotarar, Mongstad-diesel og produserte ulike oppfinningar til produksjonen på hermetikkfabrikken.
- Neptun Canning som dreiv hermetikkfabrikk frå 1926 til 1971.
- Kulturbyggjaren og mangeårig kommunestyremedlem i Lindås, Ivar Mongstad
- Bygging av vegen Litlås-Mongstad, pliktarbeid med kommunal stønad frå Lindås kommune
- Johanne Lerø, jenta som vaks opp på hermetikkfabrikken på Mongstad
- Skildringar av ulike menneske som budde på Mongstad i tida mellom 1860 og 1972.
- Krigstida, ei tid med aktiv motstandsarbeid. Vi har mellom anna skildring av folk som verva seg som soldatar i krigshendingane på Voss etter 9. april. Det er og tatt med dramatiske hendingar frå arbeidet som lokale folk gjorde for å gøyma flyktningar og få dei til England. Vi har og med skildringar der ungdomar som reiste til England skriv om overfarten.
- Tekstar frå tidlegare innbyggjarar på Mongstad der dei gir innblikk i sin oppvekst i bygda
- Tekstar frå ulike lag og organisasjonar sine protokollar og lagsbøker i området der Mongstadbuvarar har vore sekretær eller bidragsytarar. Dette kapitlet vil gi eit bilete frå den varierte lagskulturen i Lindåsneset.
- Daglegliv for barn og unge i bygda

I tillegg inneheld boka mange fleire artiklar og ikkje minst bilete. Det eldste biletet vi førebels har til boka, er frå 1909.

Gruppa har oppretta Facebook-sida «Mongstad i hundre.» Der har både tidlegare Mongstadbuvarar og andre lagt inn bilete og skrive om sitt Mongstad.

Gruppa som står bak boka meiner at Mongstad fortener ei bok som fortel om bygda sin historie. I tida rundt 1960-1970 var Nordhordland eit område med fråflytting. Framsynte politikarar klarte å få Norsk Hydro til å fatta interesse for å starta industri i området. Optimismen kom tilbake til bygdene, som ein konsekvens var nokre villig til å oppgi gard og grunn for å få dette til. I boka vil vi presentera kva innbyggjarar på Mongstad meinte og følte i denne prosessen.

Gruppa som står bak dette er ei frittstående gruppe. Vi har ikkje noko økonomisk ryggdekning for arbeidet vi har starta. Boka skal gjevast ut hausten 2016, truleg i august. Vi er uviss på kor stort sal boka vil få og dermed kva inntekt dette prosjektet vil gi. Det vert derfor søkt om stønad til arbeidet. Dersom salet gjev balanse i rekneskapet, vil stønaden bli omgjort til garanti. Gruppa har ikkje til hensikt å sitja att med noko overskot frå prosjektet.

Budsjett for boka «Mongstad – bygda som var.»

Opplag 350 eksemplar

330 sider

17 X 24 cm sider, fargar.

Utgifter.

Trykking 67 000

Redaktør 20 000

Layout 30 000

Korrektur 20 000

Kjøp av bilete 15 000

Reiseutgifter 7 000

Sum utgifter 159 000

Inntekter

Sal 300 à 250,- 75 000

Stønad Lindås kommune 10 000

Stønad Austrheim kommune 20 000

Stønad Statoil Mongstad 10 000

Samla 115 000

Manglande budsjettdekning

44 000

Med dette søker vi Lindås bygdebokfond om 20 000 kr til prosjektet.

I boka vil vi opplysa kven som har gitt stønad til å gi ut boka.

Austrheim 30.01.2016

Olav Mongstad

Sekretær for prosjektet «Mongstad – bygda som var.»